

KUNNSKAPSLØFTET

– reforma i grunnskulen og den vidaregåande opplæringa



UTDANNINGS- OG
FORSKINGSDEPARTEMENTET

KUNNSKAPSLØFTET
KULTUR FOR LÆRING



Kva er Kunnskapsløftet?

Kunnskapsløftet er den nye reforma i grunnskulen og den vidaregåande opplæringa. I juni 2004 godkjende Stortinget hovudlinjene i Kunnskapsløftet. Reforma fører til ei rekkje endringar i innhaldet, strukturen og organiseringa i skulen – heilt frå første trinnet i grunnskulen til siste trinnet i den vidaregåande opplæringa (1.–13.). Reforma startar hausten 2006 for elevane på 1.–9. trinnet i grunnskulen og på 1. trinnet i den vidaregåande opplæringa. Hausten 2007 skal reforma innførast på 10. trinnet i grunnskulen og på 2. trinnet i den vidaregåande opplæringa.

Kvifor ei ny reform i skulen?

Mykje er bra i den norske skulen, men det er òg mykje som kan bli betre. Internasjonale studiar har vist at norske elevar kjem dårlegare ut enn elevar i land som vi gjerne samanliknar oss med når det gjeld grunnleggjande kunnskap som lesing, skrivning og rekning. Evalueringar av tidlegare reformer viser at det er store forskjellar i norsk skule, og at det er systematiske forskjellar mellom elevar som følgje av kjønn og sosial og etnisk bakgrunn. Målet for Kunnskapsløftet er at alle elevar skal få grunnleggjande kunnskap og den kompetansen dei treng for å klare seg i livet. Alle skal få same sjansen til å utvikle evnene sine, same kva sosial eller etnisk bakgrunn dei har.

Med Kunnskapsløftet skal vi sikre tilpassa opplæring for alle elevar og leggje meir vekt på læring, slik at elevane blir godt rusta til å møte kunnskapssamfunnet. Retten til spesialundervisning skal stå ved lag.

Kva er nytt?

Dette er dei viktigaste endringane i den norske skulen som følgje av Kunnskapsløftet:

- Ny læreplan for alle fag med tydelege mål for kva elevane skal kunne
- Styrking av grunnleggjande kunnskap
- Meir vekt på tilpassa opplæring
- Lokal handlefridom når det gjeld læringsmetodar og organiseringa av skulekvardagen
- Eit obligatorisk andre framandspråk og eit nytt programfag på ungdomstrinnet
- Fleire timar i grunnskulen – til dømes meir norsk, matematikk, kroppsøving og naturfag utan at det går på ut over andre fag
- Opptakskrav til lærarutdanninga
- Storstilt satsing på kompetanseutvikling for lærarar, instruktørar og skuleleiarar med ei samla ramme på tre milliardar kroner
- Nye lærebøker i alle fag i grunnskulen

LÆRINGSPLAKATEN

– dei grunnleggjande pliktene til skulen

Læringsplakaten er ein del av den nye læreplanen og inneheld elleve grunnleggjande plikter som skulen har:

- 1.** Gi alle elevar og lærlingar/lærekandidatar like høve til å utvikle evnene og talenta sine individuelt og i samarbeid med andre
- 2.** Stimulere lærelysta, innsatsviljen og nyfikkna til elevane og lærlingane/lærekandidatane
- 3.** Stimulere elevane og lærlingane/lærekandidatane til å utvikle eigne læringsstrategiar og evne til å tenkje kritisk
- 4.** Stimulere elevane og lærlingane/lærekandidatane i den personlege utviklinga og identiteten deira og stimulere dei til å utvikle etisk, sosial og kulturell kompetanse og evne til demokratiforståing og demokratisk deltaking
- 5.** Leggje til rette for elevmedverknad og for at elevane og lærlingane/lærekandidatane kan gjere bevisste verdi-, utdannings- og karriereval
- 6.** Fremje tilpassa opplæring og varierte arbeidsmåtar
- 7.** Stimulere, bruke og vidareutvikle kompetansen til den enkelte læraren
- 8.** Bidra til at lærarar og instruktørar er tydelege leiarar og førebilete for barn og unge
- 9.** Sikre at det fysiske og psykososiale arbeids- og læringsmiljøet gagnar helsa, trivselen og læringa
- 10.** Leggje til rette for samarbeid med heimen og sikre medansvaret til foreldra/dei føresette i skulen
- 11.** Leggje til rette for at lokalsamfunnet blir involvert i opplæringa på ein meningsfylt måte

Ny læreplan

Det er fastsett ein ny læreplan for alle faga i grunnskulen og for fellesfaga i den vidaregåande opplæringa. Den nye planen har tydelege mål for kva elevane skal kunne på ulike trinn. Med slike kompetansemål uttrykkjer læreplanen høge faglege ambisjonar for alle elevane. Elevane vil i ulik grad nå, eller kunne nå, dei fastsette kompetansemåla. Norsk skule er ein inkluderande skule, der det skal være rom for alle. Skulen skal derfor gi tilpassa opplæring slik at kvar enkelt elev blir stimulert til høgast mogleg mål-opnåing. Dersom ein elev ikkje har utbytte av den vanlege opplæringa, har eleven rett til spesialundervisning etter dei same reglane som gjeld i dag.

Grunnleggjande kunnskap

Skulen skal leggje meir vekt på å utvikle kunnskapen som er grunnlaget for all anna læring:

- Å kunne uttrykkje seg munnleg
- Å kunne lese
- Å kunne rekne
- Å kunne skrive
- Å kunne bruke digitale verktøy

Denne grunnleggjande kunnskapen er innarbeidd i læreplanen i alle fag. Alle lærarar har derfor ansvar for at elevar og lærlingar får utvikla den grunnleggjande kunnskapen sin gjennom arbeidet med dei ulike faga. Lese- og skriveopplæringa skal ta til alt i første trinnet i grunnskulen.

Oppdatert informasjon om den nye læreplanen finn du på www.kunnskapsloeftet.no, www.skolenettet.no og www.oahpponeahтта.no

Lokal handlefridom

For at det skal bli lettare å tilby tilpassa opplæring, blir det høve til å omdisponere inntil 25 prosent av timane i kvart enkelt fag. Det vil til dømes seie at ein elev som er flink i samfunnsfag, men som slit med skivinga, kan få bruke inntil 25 prosent av tida som skulle ha vore brukt til samfunnsfag, til å trene seg på å skrive. Den same eleven kan òg få tid til å fordjupe seg meir i samfunnsfag, så lenge eleven når måla i dei andre faga. Ordninga gir både teoristerke elevar og praktisk sterke elevar høve til å få større faglege utfordringar og dermed betre tilpassa opplæring.

Ei slik omdisponering av timane føreset at måla i læreplanen for faget blir tekne vare på, og at den enkelte eleven/lærlingen/ føresette samtykkjer. Kommunen som skuleeigar har det juridiske ansvaret for opplæringa.

Barne- og ungdomstrinnet

Oppdelinga i småskuletrinn og mellomtrinn i grunnskulen fell bort. Grunnskulen skal frå no av ha eitt **barnetrinn** (1. – 7. trinnet) og eitt **ungdomstrinn** (8. – 10. trinnet). Timetalet for kvart fag er fastsette for det samla barnetrinnet. Det gjer det lettare for skulane å få betre samanheng i opplæringa.

Informasjon om timetalet i ulike fag på hovudtrinna, finst på www.kunnskapsloeftet.no

Obligatorisk andre framandspråk

I dag er engelsk obligatorisk for alle elevar. På **ungdomstrinnet** blir det i tillegg innført eit andre framandspråk som eit obligatorisk, praktisk fag. Skulane skal tilby anten tysk, fransk, spansk eller russisk, men kan også tilby andre språk. Elevane skal velje berre eitt andre framandspråk. Den nye læreplanen legg vekt på at føremålet med faget er å gi elevane praktisk opplæring i språket, ikkje teoretisk kunnskap om språket. Faget tel ved inntak til vidaregåande opplæring.

Programfag på ungdomstrinnet

For å gi elevane «smaksprøvar» på fag frå den vidaregåande opplæringa blir eit nytt **programfag** innført på ungdomstrinnet. Alle skular skal ha tilbod om programfag frå minst eitt studieførebuande og eitt yrkesførebuande utdanningsprogram. Innhaldet i programfaga skal utformast på grunnlag av lokale føresetnader, gjerne i samarbeid med vidaregåande skular og næringslivet på staden. Opplæringa kan godt leggjast utanfor skulen. Då kan elevane velje ut frå evnene og interessene sine, og dei får betre grunnlag for å velje vidaregåande opplæring ut frå eigne erfaringar.

Endringar i den vidaregåande opplæringa

Det blir endringar i den vidaregåande opplæringa frå 2006. Mellom anna får ein del fag, fagsamansetjingar og studieretningar nye namn. Dei noverande studieretningane får namnet **utdanningsprogram**. Studieretningsfaga skal heite **programfag**. Dei noverande 15 studieretningane i den vidaregåande opplæringa blir gjorde om til tolv utdanningsprogram. Tre av dei er studieførebuande og ni yrkesfaglege. Meir utfyllande informasjon om endringar i den vidaregåande opplæringa finn du på www.kunnskapsloeftet.no.





Vurdering

Elevvurdering

Vurdering er omtalt i læreplanane for fag. Elevvurdering blir omtalt i revisjonen av forskrifta til opplæringslova som blir send på høyring hausten 2005. Dagens ordning med standpunkt-karakterar blir ført vidare. I norsk er det i dag slik at elevar som kjem opp i norsk skriftleg, har éin eksamen i hovudmål og éin eksamen i sidemål. Dette blir endra frå 2008 på følgjande måte: Dersom elevane blir trekte ut til skriftleg avgangsprøve i norsk, skal dei berre ha éin skriftleg eksamen. Denne eksamenen skal prøve eleven både i sidemål og hovudmål. Hovudmålet til eleven skal utgjere hovuddelen av prøva.

Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem

Utdannings- og forskingsdepartementet og Utdanningsdirektoratet har etablert eit system for å kartleggje kvaliteten i skulen. Nettstaden skoleporten.no gir informasjon om dette. Innhaldet i skoleporten.no kan kommunane og skulane bruke i arbeidet med å utvikle kvaliteten på opplæringa. Nettstaden gir òg nyttig informasjon til foreldra/dei føresette, elevane og andre interesserte om læringsmiljø, ressursar og resultat for kvar enkelt skule.

Nasjonale prøver

Eitt av områda i det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet gjeld læringsutbyttet til elevane. Her høyrer nasjonale prøver med. Dei nasjonale prøvene er ei kartlegging av kunnskapen til elevane i lesing, skriving, matematikk og engelsk. Prøvene har to hovudmålsetjingar: Dei skal vere ein pedagogisk reiskap og hjelpemiddel i opplæringa. Prøvene skal gi læraren eit betre utgangspunkt for å tilpasse undervisninga til kvar enkelt elev. Dessutan skal prøvene gi informasjon til elevane, foreldra/dei føresette, lærarane, skuleleiarane, dei lokale og nasjonale styresmaktene og samfunnet generelt. Denne informasjonen kan vere eit grunnlag for dialog og kvalitetsutvikling. Foreldra/dei føresette skal gjerast kjende med prøveresultata for barna sine. Resultata bør brukast i utviklingssamtalen mellom dei føresette og læraren og medverke til betre samarbeid om læringa til eleven.

Det skal vere openheit om nasjonale prøver, men med strenge reglar for personvern. Alle opplysningar blir anonymiserte slik at det ikkje er råd å identifisere enkeltindivid. Ingen data kan publiserast dersom tala er baserte på færre enn ti elevar. Det er heller ikkje lagt til rette for rangering mellom skular på skoleporten.no.

Kompetanseutvikling

Det er utarbeidd ein overordna strategi for kompetanseutvikling av lærarar, skuleleiarar og instruktørar som ein del av Kunnskapsløftet. Føremålet er å gi kompetanse og motivasjon til å møte utfordringane som følgjer med reforma, mellom anna innføringa av den nye læreplanen. Med utgangspunkt i denne strategien utarbeider kvar enkelt kommune og fylkeskommune konkrete planar for kompetanseutviklinga til lærarane og skuleleiarane sine. Denne ekstraordinære satsinga på kompetanseutvikling skal finansierast av staten. I tillegg kjem dei ordinære tiltaka til skuleeigarane for etter- og vidareutdanning.

Foreldra/dei føresette har medansvar i skulen

Opplæringslova § 1–2 understrekar at opplæringa i skulen skal skje «i samarbeid og forståing med heimen». Lova har òg føresegnar om korleis foreldremedverknaden skal organiserast – gjennom foreldreråd og samarbeidsutval lokalt og gjennom Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG) nasjonalt. Skulen har plikt til å gi foreldra medansvar, og det er på ny understreka i læringsplakaten.

Kven kan eg kontakte dersom eg har spørsmål?

Nyttig informasjon finn du både på www.kunnskapsloeftet.no og dei andre nettstadene som er nemnde nedanfor. Spørsmål om undervisning, tilpassa opplæring eller organiseringa på den enkelte skulen bør rettast til lærarar eller rektor, eventuelt til kommunen eller fylkeskommunen som skuleeigar. I siste instans kan du òg kontakte fylkesmannen v/utdanningsavdelinga, som fører tilsyn med grunnskular og vidaregåande skular.

Omgrepsforklaring

Grunnopplæring

Grunnskule + vidaregåande opplæring

Grunnskule

1. – 10. klasse, delt i barnetrinnet (1. – 7.) og ungdomstrinnet (8. – 10.)

Vidaregåande opplæring

Tre år i vidaregåande skule, alternativt to år i vidaregåande skule + to år i lærebedrift eller full opplæring i bedrift.

Kontaktlærer

Opplæringslova av 17. juli 1998 regulerer grunnopplæringa i Noreg. Tidlegare føresegner i denne lova om inndeling av elevar i klassar blei endra med verknad frå 1. august 2003. Regelen om klasseorganisering blei erstatta med ei ordning der elevar *kan* delast inn i grupper etter behov. Gruppene skal ikkje vere større enn det som er pedagogisk forsvarleg. Gruppeinndelinga skal ikkje brukast som sparetiltak. Organiseringa av grupper skal ta vare på behovet elevane har for sosial tilhøyrse, og skal ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilknytning. Endringa hindrar ikkje at skular som ønskjer det, kan halde på den tradisjonelle klasseorganiseringa.

Samtidig blei ordninga med klassestyrar erstatta med at ein elev skal vere knytt til ein **kontaktlærer** som har særleg ansvar for praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremål, inkludert kontakten med heimen.

Kompetansemål

Dei nye læreplanane inneheld tydelege mål for kva elevane skal kunne etter opplæringa på dei ulike trinna. Måla er i hovudsak gitt etter 2., 4., 7. og 10. trinnet i grunnskulen. Det vil seie at elevane på første og andre årstrinnet arbeider med måla på 2. trinnet, osv. I den vidaregåande opplæringa er måla formulerte for kvart årstrinn i dei fleste faga.

Slik blir Kunnskapsløftet innført

Skuleåret 2005–2006

Over 200 grunnskular startar opp med heile eller delar av den nye læreplanen.

Skuleåret 2006–2007

Reforma startar! 1. – 9. trinnet i grunnskulen og 1. trinnet i den vidaregåande skulen tek i bruk nye læreplanar og ny fag- og timefordeling. Det obligatoriske andre framandspråket innførast gradvis med start på 8. trinnet. Skular som ønskjer det, kan tilby det andre framandspråket på barnetrinnet. Skulane kan tilby programfag på ungdomstrinnet.

Skuleåret 2007–2008

Alle grunnskulane tek i bruk nye læreplanar også for 10. trinnet. Frå våren 2008 blir eksamenen i grunnskulen endra.

Vil du vite mer?

Viktige bakgrunnsdokument

Ønskjer du å lese meir om bakgrunnen for Kunnskapsløftet? Då tilrår vi desse dokumenta:

- St.meld. nr. 30 (2003–2004) Kultur for læring
- Innst. S. nr. 268 (2003–2004) frå Stortinget
- Rundskriv F 13–04 Dette er Kunnskapsløftet
- Kompetanse for utvikling – Strategi for kompetanse-utvikling i grunnopplæringen 2005–2008

Desse dokumenta kan du bestille gjennom Akademika på telefonnummer 800 80 960 (grønt nummer), eller du kan laste dei ned via nettadressene til høgre.

Viktige nettadresser

Oppdatert informasjon om Kunnskapsløftet finn du på desse nettadressene:

www.kunnskapsloeftet.no
www.odin.dep/ufd
www.skolenettet.no
www.utdanningsdirektoratet.no
www.fug.no
www.foreldrenettet.no
www.utdanning.no
www.skoleporten.no
www.oahpponeahhta.no





Utgitt av :
Utdannings- og forskningsdepartementet

Offentlege institusjonar kan tinge fleire
eksemplar av denne publikasjonen frå:
Statens forvaltningsteneste
Kopi- og distribusjonsservice
www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@ft.dep.no
Telefaks: 22 24 27 86

Oppgi publikasjonskode: F-4189 N